



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	27.04.2015
Tid:	12:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H
Ivar Blø	Oddny Lisbeth Midtbø Rød	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Linda Heimen	Planleggar
Aslaug Jensen Sanden	Utvalsesekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.


Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Bjørn Wang

Audun Hånes

Ivar Blø

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/19	Referatsaker	
PS 15/20	17. mai - hovudkomiteen 2015	2015/196
PS 15/21	Kommunale prinsippvedtak om førhandsinnkrevjing av bompengar på fergesambanda Molde-Vestnes og Solholmen-Mordalsvågen	2015/148
PS 15/22	Søknad om konsesjon på kjøp av 112/5. Odd Helge Gangstad	2015/72
PS 15/23	Regionale planprosesser i samferdselssektoren 2015	2013/546
PS 15/24	Budsjettregulering 2015 - teknisk. - Overføring frå 2014 til 2015	2015/198
PS 15/25	Årsmelding og rekneskap 2014	2015/183

Den 27. april vart det halde møte i Formannskapet i møterommet på Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Møtet tok til kl. 12.00.

Robin Mikal Sørлие (H) og Oddny Lisbeth Midtbø Rød (FRP) hadde meldt forfall. Audun Hånes (H) og Ivar Blø (FRP) møtte som vara.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

Linda Heimen orienterte om planar for folkemøter ang. reguleringsplana. Det er tenkt avvikla krinsvis i mai.

1. Midsund, Akselvoll, Ugelvik, Magerøy, Raknes, Rakvåg, Rørset, Ræstad, Sundsbø
2. Nord Heggdal og Sør Heggdal
3. Midøy

Rådmannen informerte

- ang. rapporteringsskjema frå Barnevern
- Tilskot til Næringsfondet
- Årsrapport 2014
- Skatteoppkrevjaren
- Gjeldsrapport 3. tertial 2014 Midsund kommune
- Sjukefråværet i kommunen
- Notat vedr. tilsyn kommunehuset.

Ordføraren orienterte

- Ang. brev om mottak av flyktningar – Kvar gruppe skulle ta saka opp og fremme sitt syn med tanke på om det skulle fremmast sak i kommunestyret

Bjørn Wang tok opp støtte til Slekt- og Historielaget, og det vart vedteke å gi kroner 15.000,-.

PS 15/19 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Protokoll frå møtet 31.03.2015 vert godkjent.

PS 15/20 17. mai - hovudkomiteen 2015

Forslag til vedtak:

Som medlemar for 17. mai 2015 blir desse utpeika:

Midsund:	Aud Bente Stølen
Raknes:	Per Steinar Orvik
Rakvåg:	Gunn Hole
Akselvoll/Ugelvik:	Arild Sjøvik
Sør-Heggdal:	Harald Inge Misund
Nord-Heggdal:	Jonny Hagset
Ræstad:	Kjell Ove Ræstadholm
Nordre Midøy:	Oline Dyrset Blø
Søre Midøy:	Frits Malvin Raknes

Varamedlemar:

1. Øystein Stølen
2. Ann Elise Løken
3. Eivind Klauset
4. Svanhild Nygård
5. Ingebjørn Orvik

Per Steinar Orvik kallar saman komiteen. Komiteen konstituerer seg sjølv og veljer leiar.

Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 27.04.2015

Protokollen vart godkjendt

Vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 27.04.2015

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutvalet 27.04.2014

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke.

PS 15/21 Kommunale prinsippvedtak om førhandsinnkrevjing av bompengar på fergesambanda Molde-Vestnes og Solholmen-Mordalsvågen

Forslag til vedtak:

Midsund kommune ber Statens vegvesen Region midt om å utgreie mulegheiter for, og konsekvensar av, førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjesambandet Molde- Vestnes og Solholmen-Mordalsvågen. Bompengeneinntektene skal nyttast til finansiering av planlegging og prosjektering av prosjektet E39 Vik-Julbøen.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2015

Ordføraren la fram alternativt forslag:

Midsund kommune vil ikkje opne for at Statens vegvesen Region midt startar ei utgreiing om førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjesambanda Molde-Vestnes og Solholmen-Mordalsvågen. Møreaksen –E39 Vik-Julbøen – er ikkje formelt inne på prioriteringslista til NTP for perioden 2014-2023, og revidering av NTP skjer først i 2017. Førehandsinnkrevjing skal være tidsavgrensa og normalt maksimalt 3 år før endeleg vedtak om utbygging skjer i Stortinget. På dette grunnlaget meiner Midsund kommune det er for tidleg å starte opp ei slik utgreiing.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Midsund kommune vil ikkje opne for at Statens vegvesen Region midt startar ei utgreiing om førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjesambanda Molde-Vestnes og Solholmen-Mordalsvågen. Møreaksen –E39 Vik-Julbøen – er ikkje formelt inne på prioriteringslista til NTP for perioden 2014-2023, og revidering av NTP skjer først i 2017. Førehandsinnkrevjing skal være tidsavgrensa og normalt maksimalt 3 år før endeleg vedtak om utbygging skjer i Stortinget. På dette grunnlaget meiner Midsund kommune det er for tidleg å starte opp ei slik utgreiing.

PS 15/22 Søknad om konsesjon på kjøp av 112/5. Odd Helge Gangstad

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Odd Helge Gangstad konsesjon på kjøp av gnr 112, bnr 5 i Midsund til ein pris av 330000 kroner. Kjøpet omfattar ikkje våningshus/tun, part i småbåthamn og nausttomt.

Behandling i Formannskapet - 27.04.2015

Odd Helge Gangstad (SP) vart kjent inhabil.
4 voterande.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Midsund kommune gir Odd Helge Gangstad konsesjon på kjøp av gnr 112, bnr 5 i Midsund til ein pris av 330000 kroner. Kjøpet omfattar ikkje våningshus/tun, part i småbåthamn og nausttomt

PS 15/23 Regionale planprosesser i samferdselssektoren 2015

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre vedtek å prioritere 5 enkeltsaker for dei neste åra innan samferdselsektoren i Midsund kommune:

- Ny veg i samsvar med reguleringsplana gjennom Midsund sentrum.
- Gangveg over Midsundbrua.
- Fv. 202 generell vegstandard. (E 39 Fjordkryssing)
- Asfaltering generelt på Fv. 668, Solholmen - Midsund.
- Fartsgrense gjennom Midsund sentrum.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Midsund kommunestyre vedtek å prioritere 5 enkeltsaker for dei neste åra innan samferdselsektoren i Midsund kommune:

- Ny veg i samsvar med reguleringsplana gjennom Midsund sentrum.
- Gangveg over Midsundbrua.
- Fv. 202 generell vegstandard. (E 39 Fjordkryssing)
- Asfaltering generelt på Fv. 668, Solholmen - Midsund.
- Fartsgrense gjennom Midsund sentrum.

PS 15/24 Budsjettregulering 2015 - teknisk. - Overføring frå 2014 til 2015

Forslag til vedtak:

Unytta investeringsmidlar i 2014 vert overført til budsjett 2015.

Totalt kr. 2.831.000,-. Finansierast med momskompensasjon kr. 268.000,- og ubrukte lånemidlar kr. 2.563.000,-.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Unytta investeringsmidlar i 2014 vert overført til budsjett 2015.

Totalt kr. 2.831.000,-. Finansierast med momskompensasjon kr. 268.000,- og ubrukte lånemidlar kr. 2.563.000,-.

PS 15/25 Årsmelding og rekneskap 2014

Forslag til vedtak:

1. Årsrapport 2014 for Midsund kommune, som inneheld årsrekneskap og årsmelding, vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kroner 458.825,79. Investeringsrekneskapen viser sum udisponert med kroner 3.567.667,-
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kroner 458.825,79 vert avsett til disposisjonsfond
3. Kroner 3.567.667,- vert avsett til ubudne investeringsfond
4. Finansrapporten per 31.12.2014 vert godkjend.

Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 27.04.2015

Årsrapport 2014 vart godkjendt

Vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 27.04.2015

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutvalet 27.04.2014

Behandling i Formannskapet - 27.04.2015

Einingsleiarane, rådmannen og økonomisjefen orienterte. Det vart lagt fram revisjonsmelding.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 27.04.2015

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke.

Møtet vart heva kl. 18.15.